

P R O L O G  
til vigslungi av bedehuset på Kløyheim, sundag 30 mai 1954.

Det er ei vissring --- "U" - Tovil i dei liv sine  
Midt inn i ei mangslungi vestlandsnatur, id med  
med fjellsidor, dalstrokk og myrlende, skogar,  
og fjord med fabrikkalarm og motordur, vilen  
og grender med far etter blanksitne plogar - - ,  
med beitande fenad og bjölleklang  
i vårgrøne liser, på åsar og kollar,  
med tirlande morgonfrisk småfuglesang,  
og blomar i festskrud kring bakkar og vollar,  
med krossmerkte festflag som xaiar i tun  
og minner om högtid i fullaste mun - - .  
Eit vænt stykke Noreg - prydd som ei brur -,  
der trauste og onnuge nordmenn bur -,  
Hit strøymer no folket, med båt og i bil,  
til fots og på sykkel. Kva er det dei vil ?  
Seg, er det eit røyr eller svagande strå  
slik fjölde av godtfolk kjem hit for å sjå ?  
Nei, det vil dei fleste med ein gong få sanna  
at målet for ferdi er heilt noko anna i

---"  
Ein bedehustanke gjekk mann i frå mann  
og "bad seg" i mange år.  
Det var ikkje alle som hyste han,  
so jamt fekk han trонge kår - - .  
Skinnmager og grå kom han att, og vart dryft  
i lyd og på tvemannshand - - .  
Men makta dei fāe so tungt eit lyft ?  
Det spursmålet laga nok stundom klyft,  
og mergstal dei kristne i bland.  
Det hende vel og at han svalt i hel -,  
- vart førd til sitt gravferdsbyrå -,  
men livna då opp attor likevel,  
og vilde sin bygdegrunn sjå.  
Då grendi vart nybygd, og kristflokkens livna  
i aukande åndeleg evna og mod,  
og menner og kvinner med gudejævna givnad  
gav saki sin studnad med eld og med glod  
vart tanken som sveiv som ein lindverssus,  
- og var oss i grunnen so kjær -,  
no livandegjord i det vakre hus  
som fekk sine grunnmurar her ;  
Di samlast her frendar frå dal og kyst.  
Og difor blakrar vårt flag.  
Den ljosborg seg reiste frå berggrunn nyst,  
hev tendra eit underlegt drag og lyst - ,  
For borgi skal vigslast i dag !

---"  
Kanhenda her finnst vel og nokon som spør  
om dette er vismanas dåd :  
"Folk måtte då liva i bygdi vår før i  
De tykkjest ha ovgod råd i  
Seg, ~~sbra~~ me i vannråd for samlingshus -  
med kyrkja i næreste grend ?  
Om bedehustanken vart lagd i grus  
var snautt noko ulukka hend ;"  
Men dei som av ~~svaret~~ tankar er harme,  
dei hev vel 'kje ofra seg aude og arme

på huset, men ber nok eit löynlegt agg,  
og finn for sin hatt ein haud ~~hundleg~~<sup>fjørleg</sup> knagg.

Dykk vil me i ålvor og kjærleik få minna  
om bibelske hending ved festduka bord :  
Der kom inn i salen ei truande kvinne  
og salva sin Frelsarmann - utan eit ord.  
Då var der ved bordet ein mann som vart sinna.  
Han var av ein pengehugsande forblinna.:  
"Slik uvetug åtfjerd ! Det er då for illa !  
Kvi skal slik ein kostesam salve Du spilla ?"  
Men Jesus tok kvinne so varmt i forsvar  
då Judas ~~Iskariot~~<sup>irkarot</sup> klagemål bar - -.  
Forlengst ligg no svikaren göymd i si grav,  
men röysti hans höyrer me etterljom av.  
Når Jesus vert hylla, me vil nok få höyra  
at Judas Iskariots mål når vårt öyra.

- " " -  
I vårt land og vårt folk finst her krefter i dag  
om ei vigsla til Odin og Tor -,  
som vil krossmerket strjuka av landet sitt flag.  
Gjera heidenskt vårt Noreg - vår mor.  
Dei dreg Ordet sitt Gudgjevne utsagn i tvil.  
Veikjer Bibelens mynde og makt.  
Spottar Ordet om Hel med ein därande smil.  
Gjer om inkje det Jesus har sagt.  
Dei vil syna seg jamt der ein ventar dei minst,  
sveipt i kristeleg ljøsengleham -,  
Og som Peter og Judas kring Jesus dei finst.  
Sjölv på Gudvigde stad kjem dei fram.  
Det er ikkje det verste når djevelen lær,  
når med rova og hov me han sjå.  
Mykje vandare når han som kristen seg ter.  
Öyder Gudslivet innan ifrå !

- " " -  
I kvar heim desse makter vil byggja sitt slott  
og sitt "hypermoderne" miljö.  
Slik at Bibelens Ord vert til lögje og lätt.  
Og der borni får steinar for bröd.  
Då lyden si själ vert syndi sin träl,  
for Ordet om Krossen ho vantar.  
men Satan han tykkjer at alt fär vel - -,  
og svimling i själene plantar - .

- " " -  
Dei unge fär höyra - so att i blandt - ,  
at menneskja ättar frå apa.  
Og ofte dei höyrer :"Det er 'kje sant  
at Gud heve menneskja skapa.  
Dei Gudar som rår, og tilbeding får,  
av menneskjetanken er skapte."  
Den lögn som ein iling om landet går,  
og Herren or syne dei tapte.

- " " -  
Her trengst vakthald mot dei som forvender Guds Ord,  
og dreg Frelsarens utsagn i tvil !  
Og omvending og bot millom kristne på jord,  
som av Ordet tek frå og legg til !  
Å, her trengst ein Elias, med Karmels mot,  
- ein profet i Guds heilage skrud -,  
som kan bringa Guds orden i alt dette rot,  
med ei åndsbori makt i frå Gud !